



# DEN NORSKE KYRKJA

Time kyrkjelege fellesråd

## INNSPEL TIL KOMMUNENS ØKONOMIPLAN 2022-2025

Investeringsbudsjett							
	2020	2021	2022	2023	2024	2025	Budsjett 2022- 2025
Bryne kyrkje	600	0	0	200	200	200	600
Time kyrkje	0	0	0	200	200	200	600
Undheim kyrkje	0	0	80	100	100	100	380
Frøyland og Orstad kyrkje	375	0	400	100	100	50	650
Lye forsamlingshus	0	0	0	0	0	0	0
Time bårhus	0	3500	0	0	0	0	0
<b>Sum</b>	<b>975</b>	<b>3500</b>	<b>480</b>	<b>600</b>	<b>600</b>	<b>550</b>	<b>2230</b>

### Investeringsbudsjettet 2022-2025

Total investeringsramme for 2022 er 480.000,-.

For perioden 2022-2025 er ramma stipulert til 2.230.000,-.

#### Bryne kyrkje. Svarer til post 4503 i kommunens økonomiplan.

I 2020/2021 er det investert i kamerautstyr til streaming av gudstenester og andre arrangement, og montert ny scenebelysning/lyskastarar. Dette er finansiert gjennom gåver frå stiftelser og fond.

Det er planlagt rehabilitering av våpenhus og samtalerom i løpet av 2021. Dette vert dekkja av allereie løyvde midle.

Den vidare planen for rehabilitering vil bestå av bl.a:

- \* Oppgradering av lyssetting til glaskunst i tårn
- \* energiforbruk/varmestyring
- \* utskifting av vindusfasade på framsida og langsider.
- \* Heis/universell utforming mellom etasjane
- \* digitalisering av orgel, samt luftfukter
- \* oppgradering av noverande barnehagelokale til kyrkjeleg bruk.
- \* oppgradering av grøntområde, innanfor løyvde midle.

Det er lagt inn stipulert sum til rehabiliteringstiltak frå 2023.

Investeringsbehov 2022: 0,-

#### Time kyrkje. Svarar til post 4510 i kommunens økonomiplan.

Sommaren 2021 er det planlagt utskifting/oppgradering av lydanlegget i kyrkja. Dette vert dekkja av allereie løyvde midle.

Den vidare planen for rehabilitering vil bestå av bl.a:

- \* Utredning om evt endring av farger i kyrkja, tilbake til originalt
- \* Energiforbruk, utskifting av gamle ovner under benk



# DEN NORSKE KYRKJA

Time kyrkjelege fellesråd

Det er lagt inn stipulert sum til rehabiliteringstiltak frå 2023.

Investeringsbehov 2022: 0,-

**Undheim kyrkje.** Svarer til post 4513 i kommunens økonomiplan.

Kyrkjestyret i Undheim ber om midlar til innstallering av solskjerming grunna blending under kyrkjelege handlingar. Det er òg behov for utskifting av lampar i kyrkjerommet. Fellesrådet stillar seg bak søknaden frå kyrkjestyret. Sjå vedlegg for meir info.

Det er lagt inn stipulert sum til rehabiliteringstiltak frå 2023.

Investeringsbehov 2022: 80.000,-

**Frøyland-Orstad kyrkje.** Svarer til post 4514 i kommunens økonomiplan.

FOK er no blitt 12 år gammal og det byrjer å melde seg rehabiliteringsbehov. Mest prekært er behovet for utskifting av kyrkja sitt låssystem og golv i kyrkjesalen.

Det er gjort midlertidig løysing på låssystemet som ein håper held fram til nytt er på plass, men arbeidet må igangsettast så snart som mogleg.

Golv i kyrkja er slitt og oppsprukket mange plassar og må utbetrast snarleg. Det er innhenta stipulerte prisar på to alternative løysingar som forarbeid til anbodskonkurranse. Fellesråda i Time og Klepp er einige om å velga rehabilitering av eksisterande golv, som òg er det rimelegaste alternativet. I tillegg er det behov for utskifting av golv på scene. Dette har ein stipulert kostnad på 200.000. Alle kostnadar til FOK vert delt likt mellom Klepp og Time, og tilsvarande innspel vert gjort til Klepp kommune. I investeringsbudsjettet over er kun Time sin halvdel av kostnadane ført inn.

Det er lagt inn stipulert sum til rehabiliteringstiltak frå 2023.

Utskifting av låssystem	125.000
Utskifting av scenegolv	100.000
Rehabilitering av øvrig golv i kyrkjesal	175.000

Investeringsbehov 2022: 400.000,- (Time sin halvdel av totalsummen på 800.000)

**Lye forsamlingshus.**

Time kyrkjelege fellesråd følgjer med på utviklinga og utbygginga på Lye mht behov for utviding av Lye forsamlingshus eller framtidig kyrkjebygg på Lye. Det er ikkje spelt inn behov for oppgraderingar av eksisterande lokale i forsamlingshuset.

Investeringsbehov 2022: 0,-

**Gravplassforvaltning og bårhus**

Lyktestolpenettet på parkeringsplass som til no har vore delvis kopla inn til kyrkja, vert i løpet av våren 2021 overført til Lyse sitt øvrige nett. Kostnaden vert dekkja av gravplassforvaltinga sitt disposisjonsfond.



# DEN NORSKE KYRKJA

Time kyrkjelege fellesråd

Time bårhus (svarar til post 4517 i kommunens økonomiplan) vil få ei omfattande rehabilitering i løpet av 2021. Bygget vil gjerast om til eit livssynsoppe seremonirom, med modernisert kjølerom i bakkant. Time kommune har bevilga 3.500.000 til arbeidet i 2021.

Investeringsbehov 2022: 0,-

## Øvrige innspel

*Fortau og grusa sti*

I forlenginga av utvidinga av Time gravplass ser Fellesrådet det som svært tenleg å få opparbeidd ein grusa sti frå Vestly, gjennom den nye gravplassen, og vidare ned til kyrkja. Frå kyrkja og vidare ned til rv 505 er det stort behov for asfaltert fortau langs rv 206 for å sikre gåande og syklende.

Fellesrådet ber Time kommune utreda dette ved første høve.

Driftsbudsjett							
	2020	2021	2022	2023	2024	2025	Budsjett 2022-2025
Kommunalt tilskot, grunnbeløp *	8193	8381	8381	8381	8381	8381	33524
Diakonstilling	-	-	-	-	-	-	-
Frøyland-Orstad, drift	-	80	240	450	500	500	1690
Verneverdige gravminne, rehab	-	-	-	-	-	-	-
IT, digitalisering	-	-	-	-	-	-	-
Generell styrking av driftsbudsjettet	-	-	-	-	100	100	200
<b>Sum</b>	<b>8193</b>	<b>8461</b>	<b>8621</b>	<b>8831</b>	<b>8981</b>	<b>8981</b>	<b>35414</b>

\* Lønns- og prisvekst kjem i tillegg

## Driftsbudsjett 2022-2025

Fellesrådet har dei siste åra gjort ein grundig jobb med revidering av innkjøpsavtalar, effektiviseringstiltak og kutt/endingar i stillingar. Dette har bidratt til ein reduksjon i kostnader og sunnare drift. Dette til trass er fellesrådet fortsett avhengig av frivillige til å løyse oppgåver som skulle vore inkludert i det vanlige driftsbudsjettet. Dette håper ein kan løysast med ei framtidig styrking av driftsbudsjettet.

### *Frøyland-Orstad (FOK) - dagleg leing og drift*

Driftsutgiftene for Frøyland-Orstad vert delt mellom Klepp og Time kyrkjelege fellesråd, med tilskot frå kommunane. Opphavleg sum til dekking av desse utgiftene var ved oppstart av soknet sett til 1,1 mill. delt 50/50 mellom Klepp og Time. Etter årlege lønns-/prisjusteringar har summen frå 2009 til 2021 auka frå 550.000 til 744.000,- på kvar. I denne perioden har driftsutgiftene for FOK auka i tråd med alder på bygg, og behovet for administrativ hjelp har blitt større. I avtala som vart underskriven i 2009 står det at FOK skal ha same vilkår som tilsvarande sokn i Klepp og Time. Både Klepp og Time kommune har gitt ekstra tilskot til styrking av administrative ressursar i sine sokn, men det er kun Klepp kommune som har gitt tilskot til FOK. I tråd med avtala vil det vere riktig at Time bidrar på lik linje. Klepp kyrkjelege fellesråd har som mål å auke stilling til dagleg leing av FOK til 100% innan 2023. FOK er eit svært aktivt sokn som det kan vere naturleg å samanlikne med Bryne sokn, der dei har 100% dagleg leiar stilling. Time kyrkjelege fellesråd stillar seg difor bak innspelet frå Klepp



# DEN NORSKE KYRKJA

Time kyrkjelege fellesråd

kyrkjelege fellesråd om ei gradvis auke til 100%, der Time står for 50% av kostnaden. Dette er planlagt trinnvis i løpet av tre år, med 10% stilling i 2021 og ytterlegare 20% i både 2022 og 2023.

I tråd med alder på bygget og auke i aktivitetsnivå, auker òg kostnad til drift og vedlikehald. Det er difor lagt inn ein auke på 50.000,- i 2023 og ytterlegare 50.000,- i 2024. Klepp kyrkjelege fellesråd vil legge fram ei utgreiing om kostnadar til drift og vedlikehald i framtidig innspel.

Budsjettert kostnad til dagleg leiar av soknet: 240.000,- (400.000 frå 2023).

Auke i vedlikehald/driftsutgifter: 100.000,- (lagt inn frå 2023 og 2024)

## *Gravplassane*

Auke i festeavgift frå 2019 vil få full effekt frå 2024. Fellesrådet legg difor opp til at arbeid på gravplassane utanom det heilt nødvendige blir utsett til effekten av auka festeavgift slår inn.

Forslaget til årleg auke i fellesrådet sitt driftsbudsjettet:

Frøyland-Orstad - dagleg leining kr 240.000,- (400.000 frå 2023)

Frøyland-Orstad - drift/vedlikehald kr 0,- (50.000,- frå 2023 og 100.000,- 2024)

Generell styrking av driftsbudsjettet kr 0,- (100.000 frå 2024)

Total styrking av driftsbudsjettet 2022: kr 240 000,-

I tillegg kjem årleg lønns- og prisjustering.

## **Framtidige innspel:**

Kyrkja i Time har dei siste åra satsa tungt på barn og unge, og har gjennom givarmidle i Bryne, Time og Undheim, samt fondsmidle og tilskot frå Stavanger Bispedømme, fått på plass følgande stillingar:

- \* 100% Prosjektleiar for Ung i Time
- \* 30% ungdomsarbeidar på Lye
- \* 30% ungdomsarbeidar på Undheim
- \* 50% barne- og ungdomsdiakon

Kyrkjelydane i Time ønskjer å fortsette satsinga på denne viktige målgruppa og vil i framtidige innspel legge fram planar for utviding av stillingane retta mot barn og unge. Det er eit mål å etablere enda nærare samarbeid med lag, organisasjonar og Time kommune for å få til meir arbeid på tvers. Særleg på området diakoni/omsrogsarbeid ønskjer kyrkja å løfte fram eit behov. Her har fellesrådet nyleg oppretta ein 50% stilling som barne-/ungdomsdiakon med tilskot frå bispedømmet og egne fondsmidle. Stillinga har som uttalt mål å arbeid på tvers av organisasjonar. Ønskjet er å auke denne stillinga til 100% i løpet av dei neste åra.